



Drøsen gikk godt frå første stund. Frammøtet var sjølv sagt ved Grano.

I helga har soknerådet invitert til konfirmantjubileum for dei som vart konfirmert for 50, 60 og 70 år sidan. Eittersom denne tradisjonen vert arrangert annakvart år, var naturleg nok også dei som vart konfirmert for 51, 61 og 71 år sidan invitert. 28 hadde takka ja til invitasjonen, og dei aller fleste er med på heile samlinga som har program både laurdag og søndag. La det vera klart med ein gang. Dei storkoste seg!! Her var det mykje god mimring!

I dag var hovudprogrammet bygdevandring. Frammøte var på den naturlegaste oppmøte plassen i bygda: ved Grano. Der vart jubilantane møtt av soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen, bussjåfør for høvet, Tormod Myklebust, og guide Kristian Olav Bringedal som var ansvarleg for bygdevandringa.



Aud Vigliv Bjelland Brandvik og resten av jublantane vart ønskt velkommen til Hjørnevåg av Harald Hjørnevåg som sjølv var konfirmant-jubilant.

Alt ved frammøtet gjekk drøsen særst godt der dei i duskregnet hadde kroa seg saman i ly av Grano. Ein naturleg første post på bygdevandringsruta var anlegget til Hjørnevåg Fiskemat på Børnes. Som kjent vart bedriften heidra med gullmedalje for beste fiskepudding i landet for få dagar sidan. Harald Hjørnevåg, som også var 60-års-konfirmantjubilant, tok mot følgjet ute på plassen, og leia dei inn til personalrommet.



Marit Hjørnevåg mottok fortente gratulasjonar før ho ønskte velkommen og informerte om bedriften.

Det første som skjedde der var at guiden Kristian Bringedal gjekk over i rolla som leiar i Uskedal Utvikling og overrekte blomar og gratulasjonar med NM-gullet frå bygdefolket. Dagleg leiar Marit Hjørnevåg tok mot på

vegne av bedrifta, før ho ønskte alle velkommen. Deretter fortalte ho om arbeidet og den interessante utviklinga i bedrifta. Interessant var det for alle å sjå kor flott denne tradisjonsrike og viktige arbeidsplassen i bygda har utvikla seg.



Skuleøkta vart ei god mimrestund.

Etter Hjørnevåg-besøket gjekk bussferda opp dalen på Døsslandssio. På turen heilt til Friheim der dei snudde, var det fleire kortare stopp undervegs. På veg nedover var det innlagt stopp ved Haugland Skulemuseum. Med Kristian som skulemeister fekk dei oppleve smakebitar på skulekvardagen slik jublantane hugsar den. Det starta med at dei stod ved pultane og song No livnar det i lundar, før det sjølvstund var kristendom i første time. Så fortsette det med norsk, skrivning, rekning, song, landkunna Og leksene kunne dei alle som ein!! Trygve Haugland hadde full kontroll på framføringa av likninga om Den bortkomne sonen i kristendomstimen, Aud Isaksen Haugland skreiv sirleg skjønnskrift på tavla og Harald Sætre imponerte i favorittfaget landkunna. Han fekk naturleg nok tilleggsspørsmål om dei gamle ruteselskapa på Vestlandet. Skulemeisteren var fornøgd med det meste, men måtte gje Einar Gjertsen alvorleg påtale då han hadde teke fri ein dag utan løyve for å gå på Nåso.

Skuleøkta vart naturleg nok avslutta med at dei song Fager kveldsol smiler vakkert og av full hals med skulemeisteren ved trørgelet. Det var tydeleg på stemninga at dette likte dei!!



Trygve Haugland kunne kristendomsleksa si. Trur mest han kunne den utanåt!!

Bussferda gjekk ned dalen på Kjerlandssio, og enda ved gamleskulen som endå fleire har eit nært forhold til. Her var Selma Eik og Gunnbjørg Stensletten Eik klare med kaffi, rundstykke og melkekaker. De kan tru jubilantane kosa seg rundt borda, og mimringa nådde høgste merket!



Etter bussturen smaka det godt med kaffi, melkekaker og rundstykke.

Det er enno nokre år til underteikna vert invitert på konfirmantjubileum, men etter å ha fulgt litt med på opplegget i dag, er i alle fall ein ting klinkande klart: Eg gleder meg!!



Drøsen gjekk godt rundt borda.

I morgon held konfirmantjubleet fram med gudsteneste og middag hos Elins Matgleder.
KLIKK PÅ BILETA SÅ VERT DEI STØRRE.

Desse jublantane var med. (Året dei vart konfirmert):

70-års-jubilantar:

Gerd Steinsletten Sjøvangen (1942)
Gjertrud Steinsletten Vedøy (1943)
Trygve Haugland (1943)
Peder Vågen (1943)
Ruth Myhre Haukås (1943)

60-års-jubilantar:

Aud Vigliv Bjelland Brandvik (1952)
Ester Myklebust Mørstad (1952)
Kåre Torleiv Rød (1952)
Harald Hjørnevåg (1953)
Anna Ragnhild Bjelland Myklebust (1953)
Marta Hauge Bakke (1953)
Else Marit Haugland Guddal (1953)
Astrid Feet Nerhus (1953)

50-års-jubilantar:

Audun Eik (1962)
Ivar Åge Haugland (1962)
Aud Isaksen Haugland (1962)
Eli Roseth Eik (1962)
Ingunn Amalie Holmedal Steinsletten (1962)
Liv Jorunn Musland Lund (1962)
Konstanse Bringedal Tveit (1962)
Einar Gjertsen (1962)
Olga Marie Eide Veum (1963)
Knut Magnus Steinsletten (1963)
Sigrunn Rød Erslund (1963)
Torkel Stensletten (1963)
Harald Sætre (1963)
Aud Klara Hindøy Østensen (1963)
Olga Steinsletten Olderkjær (1963)

Av: Thor Inge Døssland.